

Møtereferat

Miljøpartiet De Grønne Nordland styre

Møte 5-2017

Møtestad:	Bodø Hotell, Bodø		
Dato:	03.-04.03.2017	Start kl. 17:00	Referent Kleopatra Delaveris
Til stade:	Bror Martin Hansen, Toine C. Sannes, Bent Bakkan, Kleopatra Delaveris, frå kl. 18 Christopher Hermansen, frå 04.03 Bjørn Jacobsen		

Saksliste

Saksnummer	Tittel	Ansvarleg
25/2017	Innkalling og referat frå møte 4-17	Bror
	Godkjent	
26/2017	Oppfølgings saker etter årsmøtet	
-a	Revisorrapport for rekneskapen 2016 manglar. Kasserar får det gjort	Robert
-b	Vidare rekneskapsføring. Det er ytra ønskje om meir aktiv bruk av budsjett og rekneskap som styringsverktøy. Styret tar stilling til kjøp av rekneskapstenester ved neste styremøte. Kasserar orienterar styret om aktuelle løysingar og pris.	Robert
-c	Strategi for lokallagsutvikling. Styret ønskjer å bidra til oppretting av lokallag og å styrke små lokallag. Regionale nettverk er eit forslag. Leiar i samarbeid med GU-rep førebur saka til neste møte	Bror, Chris
-d	Representasjon til Landsmøte Årsmøtet i Nordland MDG opna for at styret kan sende inntil 3 observatørar til Landsmøte i tillegg til representantane. Økonomien gir høve til å sende 1. Det vert Anne-Birgith Mørkved-Rommerud, Flakstad. Leiar informerer ho.	Bror
-e	Budsjett 2017	

	Utarbeidast forslag til budsjett som leggast fram på neste styremøte . Budsjettet delast i 2 hovudbolkar: Valkamp og drift. Under drift, budsjetterast postane på grunnlag av erfaringstal frå tidlegare rekneskap: Årsmøte 2018, styremøte (2 fysiske), lokallagsutvikling, landsmøtedelegater og observatør, rekneskapsføring, disponibel sum. Midlar utover dette øyremerkast valkamp.	Robert i samarbeid med Bror
27/2017	Styremøteplan	
	Styremøte over nett på Gotomeeting mellom kl 20 og 22. Utsendingar til Landsmøte har eit møte i forkant av dette. 28.03 på nett 24.04 på nett 27.-28. mai fysisk møte Handnesøya 01.08 på nett 19.09 på nett 10.-12.11 fysisk møte, lokalisering open	Bror
28/2017	Arbeidsrutinar styre	
-a	Lagar sakliste og kallar inn 1 veke i forkant av møte	Styreleiar
-b	Går gjennom sakliste og set opp tidsplan på møte	Sekretær
-c	Sakslista følgjast som oppsett, kvar sak for seg. Nye saker kjem under eventuelt	Sekretær
-d	Når info vert lagt ut på nettsider, sendast påminning på mail	Den som legg ut.
-e	Diskusjonar mellom styremøte og annan info kan gå føre seg på styret si lukka FB-side	Alle
-f	Saker til Landsstyremøte leggast ut til debatt på FB styresida	Bror
-g	Reiserekningar fakturerast med faktiske utgifter for reise, overnatting og mat. Bilag leggast ved.	Alle
29/2017	Ansvarsdeling styre	
	Lage sakliste, sende innkalling og leie styremøte. Uttale seg på vegne av Nordland MDG . Lokallagsutvikling. Kontakt med Landsstyre. Informasjonsflyt innafor styre	Bror
	Valkampleiar. Tilsette valkampsekretær. Planlegge valkamp. Budsjettforslag til valkamp. Blogg og gjere seg og partiet kjent i media.	Toine
	Skrive referat. Gå gjennom sakliste og halde tidsplan på møte. Bistå andre i styret etter avtale.	Kleo
	Kontakt mot fylkesrådet og fylkestinget. Gjere kjent saker som kjem opp der. Ekstern informasjon, nettsider, sosiale media. Halde nettsida oppdatert. Moderere FB-sider.	Bent
	Følgje opp medlemmane. Halde oversikt over dei som ligg etter med kontingent. Disponibel for andre oppgåver.	Bjørn

	Samordne aktivitet med Grøn Ungdom. Utdanningspolitikk. Følgje opp lokallag saman med Bror	Chris
	Disponerer konto. Rekneskap. (Ikkje til stade)	Robert
30/2017	Saker til landsstyre	
	Saker til Landsstyremøte leggst ut til debatt på FB styresida	Bror
31/2017	Stifting lokallag Mo i Rana	
	Tidsrommet 7.-9. april	Bror, Chris
32/2017	Organisering Valkamp	
	Valkampleiar er Toine. Det tilsettast valkampsekretær innafor ei kostnadsramme på 50 000 kr. Til neste styremøte førebuast forslag til valkampkomité og forslag til budsjett for valkampen.	Toine
33/2017	Arkivering på Google disk	
	MDG Nordland sitt elektroniske arkiv organiserast på Google disk.	Chris
34/2017	Personalsak Hadsel ASVO	
	Orientering	Toine
35/2017	Reisestøtte Green Congres	
	Chris søkjer om reisestøtte med kr 5 700. Saka utsettast til neste styremøte	

Neste møte: 28.03.2017 kl. 20-22, Gotomeeting